

Else Mari Bjørke (sendt inn 01.06.2023)

Gjennom generasjonar har det vore seterdrift i Eldåa. På setra er det tradisjonell seterdrift frå 1.juli til 20. september. Som buedeie på setra dei siste 20 åra kjenner eg dette området svært godt. Det er seterdrifta i området, som har forma det landskapet vi ser i dag. Dette har gitt eit område prega av store områder med snaufjell til gjensidig nytte for folk og villrein. Mi erfaring er at folk og villrein går godt i hop, berre ein bruker huggu.

Største trussel mot villrein i dag er snaufjell som gror att med skog. Sett i samanheng med redusert beiting i utmark og eit varmare klima vil dette bli eit større og større problem. Eg viser au her til kronikk av Yngve Rekdal i Nationen 7. august 2017, som villreinnemda tidligare har fått tilgang til.

DNT sin tursti millom Eldåbu og Gråhøgdbu, som går forbi Søre Eldåa har svært begrensa ferdsel. Informasjon om oppførsel i møte med villrein virker som eit hensiktsmessig tiltak i forhold til denne gruppa.

Anna trafikk inn i området er svært beskjeden.

Bestand for jerv har vore godt over bestandsmålet i fleire år.

Det er behov for meir kunnskap om kva påvirkning rovdyr har på villreinbestanden.

Else Mari Bjørke

Sør-Fron sin representant i villreinnemda